


Sovin Rorfje
100 år

Bureby

KYRKJE BLADET

FOR GRANSHERAD OG HOVIN



Kol. 3, 16: Lat Kristi ord bu rikeleg hjå dykk.

Nr. 6.

Redaktør: Prost Harbo Songedal — august 1950.

6. årg.

Vi bur oss til høgtid.



Biskop Johannes Smemo.

Ja, det gjer folket i Hovin no. Men korleis gjer vi det rett? Først skal vi tenkje attende på dei hundre åra det kjære kyrkjehuset har stått her, og dei snart tusen åra Guds kyrkje sto imilom oss. Da kan det ikkje vere annleis enn at hjarto blir fulle av takk.

Lat oss bu oss til å takke rett! Men kyrkja nøyer seg aldri

med å vere berre fortid. Ho vil vere notid og framtid. Ho er ikkje museum. Ho er Guds hus og heim, som vil samle folket idag og i dagane som kjem.

Vil vi så late oss samle — ikkje berre til minnehøgtid, men for å take imot ordet som byr oss frelse og som set oss i arbeid?

Lat oss bu oss til å gjere rekneskap for vår eiga stode til Gud og Hans kyrkje!

Så skal vi vente signing over høgtida, slik signing som Gud sjølv ser at vi treng nett idag.

Dette ynskjer eg av hjarta Hovin kyrkjelyd til jubileet.

Johannes Smemo.



Biskop Jacob von der Lippe som vigsla kyrkja i 1850.

HOVIN KYRKJE

og kyrkjestova i Hovin.

Hvor godt jeg minnes disse to naboer! De lå der for seg selv i dalbunnen som i en gryte under Jørisdalhaugen mellom de to veger, en i øst og en i vest som førte til forskjellige kanter av Hovinbygda.

Jeg har ligget i mange netter i kyrkjestova i Hovin. For dengang jeg var prest der i 1909 til 1916 var det ikke som nå at presten kjører i bil søndagsmorgen fra prestegarden i Gransherad til messen i Hovin kyrkje. Nei, jeg måtte nok ta på reisen til Hovin om lørdagen enten middag eller kveld først med jernbanen til Tinnoset og siden med dampbåten «Gausta» til Hovin brygge, og så var det å vandre på sin fot oppover bakken med en ryggsekk med mat og annet.

Når jeg så kom fram til kyrkjestova ble jeg som regel ikke alene der, for min gode venn, kirketjeneren, gamle Ola Kasin, var kommet dit før meg og hadde satt alt istand og kokt kaffen i det lille kjøkken hvor han også lå om natten. Så var det bare å gå like tilbords for meg. Deretter var det å lese med konfirmantene i det største rom og siden gikk tida fort til det var å gå tilkøys.

Om vintermorgenene kom Ola inn og tendte opp i ovnen hos meg og hadde kaffen kokt til jeg skulle spise frokost.

Etter messen var det å spise til

Prestar i Hovin kyrkje




Martin Adolph Sigholt,
sokneprest i Hovin 1849 — 1859.



Herman Adolph Aars,
sokneprest i Hovin 1859 — 1872.



August Gottlieb Flood,
sokneprest i Hovin 1872 — 1878.




Olaf Teodor Ruenæs
sokneprest i Hovin 1878 — 1882.



Birger Grøndahl,
sokneprest i Hovin 1883 — 1897.



Mathias Heltberg Winsnes,
sokneprest i Hovin 1897 — 1902.



Sigvald Bernhard Refsum,
sokneprest i Hovin 1903 — 1909.



Einar von Krogh,
sokneprest i Hovin 1909 — 1916.



Per Winsnes,
sokneprest i Hovin 1917 — 1918.

GUDS HUS

Det blir bygget mange hus her i landet; for det er noe av det viktigste å ha et hus å ty inn i når kulde, vind og nedbør gjør det utrivelig ute. Og hvorledes skulle vi i vårt siviliserte samfunn klare oss uten hus? Vi trenger hus til matlaging, til kunstig lys, til å ha vårt bohave i m. m. Og ofte for å få stillhet og den nødvendige hvile, fri for alle nysgjerrige og kjærlighetsløse blikk.

Så har vi også kirker og bedehus, hvor vi sammen med andre kan møte Gud, høre hans ord, samles i takk og tilbedelse og dele kristenlivets erfaringer med hverandre.

Alle de goder vi har i vårt hus, er bilder på hva Gud vil være for oss: Hos Ham kan vi finne ly

for alt ondt som vil pine oss, et varmt hjerte mot verdens kulde, et vern mot alle Djevelens angrep og snarer, et sted hvor vår ånd kan få næring og lys. Dette hadde Moses erfaret: «Du har vært oss en bolig fra slekt til slekt», sier han til Gud. (Salme 90,1). Har du som leser dette erfaret det samme? Hvis ikke så søk Herren av hele ditt hjerte, og du skal kjenne det er sant!

Det er stort at Herren, verdens skaper, vil ta imot oss små kryp og være et lunt tilfluktssted for oss; men ikke nok med det: Han vil gjerne bo i vårt hjerte. Han lengter etter at vi skal by ham et hus, hvor Han kan regjere. Vi skal få være «hans tempel». «Kristus vil bo ved troen i vårt

hjerte». Ja, han ønsker å være vårt liv som gjennomtrenger hele vår tilværelse, liksom frukt-treet sender sin livgivende saft ut til grenene og frambringer blomst og frukt: «Kristus i dere, håpet om herlighet!»

Ja, dette er noe så opphøyet og hemmelighetsfullt, men det er Guds ønske for deg og for meg! Her gjelder «troens gode strid» fra dag til dag for å virkeliggjøre Guds plan med oss: en fattig, troløs synder skal få gripe Guds store kjærlighet og makt til å vende seg bort fra all egoisme, all sanselighet, alle urene tanker og bli løftet opp i Guds renhet og godhet og kraft!

Måtte Gud velsigne folket i Hovin! Måtte også kirkehuset være et sted hvor Gud kan møte sjelene med sin trøst og styrke til livets oppgaver!

Per Winsnes.

Med Guds rike har det seg so —

Mark. ev. 4,26 flg.


Dei einskilde rike på jorda har sine lover. Guds rike har og sine. Faste er lovene i Guds rike, fastare enn i noko jordisk rike som Guds rike og er fastare i sin grunn. Det kan berre liknast med natura sitt rike. «Med Guds rike er det so som når ein mann har sådd kornet i jorda: Han søv og ris opp, natt etter natt og dag etter dag, og frøet renn opp og veks — såmannen veit ikkje kor-

midtag og så dro jeg ofte ut til de forskjellige kretser i bygda og holdt oppbyggelig møte på ettermiddagen og overnattet på en eller annen gård i kretsen hos gjestfrie folk som ble mine gode vener. Ja, det hendte ikke så sjelden at jeg også i kyrkjebygda overnattet på gårdene rundt kyrkja. Jo, jeg har mange kjære og gode minner fra mine anneksurer til Hovin.

Og nå feirer den vakre lille kyrkja i dalbunnen 100 års jubileum i år. Ja, i denne tid er det sådd mye av livsens gode seed i Hovinkyrkja og opptatt mange barn i Kristi menighet ved då-

pen. Nadverden er også blitt utdelt der til mange i årenes løp. I min prestetid der var det nok lite av altergang, men senere er det blitt mer av bevisst kristenliv og dermed hyppigere nadverd også i Hovin; det gleder mitt gamle prestehjerte. Og nå vil jeg da ønske at Hovin-kyrkja i nye 100 år, om verden vil stå så lenge, må få stå der den står og bli til rik signing for alle Hovinfolk fra barna til de gamle inntil de legges til den siste hvile på kyrkjegarden kring kyrkja. Gud signe Hovin kyrkjelyd!

Einar von Krogh.



Halldor Grønlien,
sokneprest i Hovin 1919—1927.



Gunnar Saxe Norderhaug,
sokneprest i Hovin 1928—1935.



Harbo Songedal,
sokneprest i Hovin 1935—

leis det går til». So stille og umerkande går det for seg i åkeren. Frøet renn opp og veks — såmannen veit ikkje korleis det går til. Men undrande står han der ein dag og ser brodden og åkeren grønkast. Soleis og i Guds rike. Stille og umerkande veks livet fram. Det tek si tid. Men ordet sådd i hjarto eig dei ibuande kreftene og so gjer det si gjerning. Fyrst strå, so aks, so fulle korn. Det er og gangen i Guds rike, gjennom vokster til mogning. Soga fortel oss om det. Livet sjølv stadfester det.

Men Jesus som tala so trygt om voksteren og framgangen, han kjende og vanskaner og hindringane. Han kjende det forspranget ugraset ofte kunne ha. Likevil kjende han seg trygg. Han såg so vårljost på Guds rike. So sår han kornet med rik hand. Han veit jorda passar for kornet, hjarta for ordet. Han veit menneskja er etla for Gud og Guds rike. So kunne han og segja: Lat borna koma til meg. hindra dei ikkje, for Guds rike høyrer slike til. Han ser våren med dei rike lovnader. Men so vil han og, at såkornet framleis må verta sådd. Barnet må ikkje veksa opp utan at Guds ord vert sådd i hjarta. Guds ord må verta sådd i heim, skule og kyrkja. Framgangen i Guds rike går gjennom det einskilte menneskehjarta. Sjølv treng me alltid på nytt å opna hjarto våre for Guds ord. Gjer du det, vil ordet gjera si gjerning. Sjølv voksteren er ikkje di sak, livet er Guds løyndom. Men kjenner du det ikkje slik: Gud og hans gode ord kan eg ikkje vera forutan. Ja, det er godt å ha Guds ord og veta, at det ved Guds nåde gjer si gjerning.

Guds rike er nådens rike. Var det ikkje so, ville vår ulydnad og vår synd stengja oss ute. Men er me utrule, so er Gud trufast, for han kan ikkje forneakta seg sjølv. So går voksteren sin gang, so går det mot mogning under Guds nådes sol og regn.

Det er i Guds rike si tenest Hovin kyrkja har stått no gjennom 100 år. Guds ord er blitt sådd her for folket i bygda gjennom skiftande tider til vokster og mogning for Gudslivet i hjarto.

Må so Hovin kyrkja fylla si fyreloga i tider som kjem, for etta som lever no og for komande etter.

Hilsen til jubileet.

Når Hovin kyrkje skal feire sitt 100 års jubileum, vil jeg få takke for innbydelsen! Jeg gleder meg storlig til å få være med dere denne merkedagen. Tankene går uvegerlig tilbake og minnene strømmer på, minner om samvær i sorg og glede.

Et minne fra min første prestetid har jeg lyst til å nevne. Det var visst lite å hefte seg ved kanskje, men har nå vært meg til hjelp så mang en gang når misstemt ville komme.

Jeg skulle en vinterkveld fra Tinnoset til Hovin med båten. Om det var «Gausta» eller «Tinn» skal være usagt. Mørket seg på og der jeg stod på dekket, var det en gåte for meg hvordan Grasdalen skulle greie å føre oss inn til brygga i Aastøa. En så jo bare svarte mørket til alle kanter. Da vi nærmet oss Hovin, kunne en på lang lei skimte en lysning langt der fremme. Båten la pent inntil, og så viste det seg at det på brygga stod ei uanseelig lita lykt og lyste båten trygt dit den skulle. Det har senere vært som en preken for meg, og minnet meg om Jesu ord: I er verdens lys! (Mt. 5,14). Gi aldri opp! Om arbeidet ditt ser håpløst ut for deg, om du ser bare mørke omkring deg; Hold ut! Vær tro! La Kristus få tenne deg, så skal du få lyse rett veg, enten du selv føler det eller ikke. Dette som en hilsen ikke minst til en eller annen trett lysbærer i mitt kjære Hovin. Gud signe dere alle og gi

Helsing til Hovin kyrkje.

Djupt i dalen i Hovin bygd, der stend ho, vår fagre kyrkje. Sjeier var ho til livd og trygd i hundrad års helg og yrkje. For her hadde Herren sin bustad.

Ikkje ligg ho på høge haug, men djupt under nut og lider. Hjarterøter si livskraft saug frå djupet til alle tider. Sjå, difor ligg kyrkja i dalen.

Fast stend muren i Hovins jord, men tårnet peikar mot himlen. Klokke kallar til Herrens ord frå molda mot stjernestimlen. Og sjeler finn leid gjennom livet.

Born vart borne til heilag bad og unge gav Gud sin lovnad. Hagen kringom gav kvilestad til mannen når av han sovna. Frå først til sist var der signing.

Hundrad år er vel mange år og ætter har kome og gjenge. Sjeler sjuke i syndekår har livet og lækjedom fenge. Nå syng dei i himmelsaler.

Hovin-kvinner og Hovin-menn, kom som dei gamle gjorde! Kyrkjeuset, sjå enn det stend med fonten og altarbordet. Ja, kom og vend om til Herren.

Harbo Songedal.

at vi tilsist måtte få samles i «lysheimen» hos Gud!

Med hjertelig hilsen fra oss begge!

Gunnar Norderhaug.

Klokkarane i Hovinkyrkja i 100 år

Ole N. Besager var sett til klokke for heile Tinn prestegjeld, men slutta som klokke 1. januar 1851 og var såleis klokke i denne kyrkja berre 4 månader. Besager var fødd i Bjørnør 1790 og kom til Tinn saman med presten Heltberg 1810. Besager var fyrste ordføraren i Tinn. Han døydde 1875.

Etter Besager vart Ole Knudsen klokke i Tinn, og det ser ut til at han og fylgde presten som klokke i Hovin så lenge Hovin hadde prest saman med Tinn.

Det er godt å veta, at riket det er hans — i tid og eva.

H. Grønlien.

Knudsen var ein mykje bruka mann i bygdestyringa. Då han slutta som lærar, fekk han kongen si påskjøningsmedalje i sylv for «borgerdåd i skolens tjeneste».

Då Hovin vart lagd til Gransherad 1859, fekk truleg Hovin med same sin eigen klokke, men ein kan ikkje finna noko visst om åra 1859—60. Halvor Halvorsen Tveito var fyrste Hovinklokken. Han var fyrst omgangsskulelærar og sidan lærar i Tveito krins. Han var fødd 1828 og døydde 48 år gamal 5. februar 1876.

Frå 1876 var Halvor Sønstegaard klokke i Hovin til 1906.

Helsing frå Gransherad

Med dette sender kyrkjelyden i Gransherad si beste helsing til systerlyden i Hovin med tilføre av at det no er 100 år sia kyrkjes huset dikkåns sto ferdig og vart innvigd.

Saman med dikkån takkar me Gud for dette sekelet, som stort sett har vore ein god tidsbolk for dei som levde og for oss som lever — både åndelegt og materielt. Saman med dikkån vil me koma i hug alle dei som i denne tida på heilagdaggar og høgtidsdaggar gjekk inn gjennom dørene i Hovin kyrkje og i salmesong, ord og sakrament fann trøyst og lindring for det som tyngde hug og sinn, og som frå den same kjelda henta styrke og kraft til å bera den møda og det slitet som fylger kvardagen. Som oss røynde dei sanninga i visdomsorda: «Ein dag i dine fyregardar er betre enn tusen elles».

Vatn og veglause leider stengde lenge for samkvemet mellom Hovin og Gransherad. Kanskje var Hovvær og Granshering også noko ulike i framferd og lynne, for Hovin blei kløyvt frå Tinn og

Gransherad frå Hjartdal. Det var sjelda dei fann og fekk høve til å vera saman i lyd og lag. Røyndeg var det presten som heldt sambandet oppe mellom dei to kyrkjelydane. Han sleit seg fram i pråm mellom Tinnoset og Aastøe når fjorden var farande eller køyrde dei tri-fire milene over Reisjådalen vinterstid. «Om fjellet var høgt og dalen trong, Ditt ord hadde då sitt gjenge».

Nå fer bilane som «olja lyn» der presteskyssen snegla seg fram på ein ugreid veg. Skulle me ikkje også koma i hug dette i dag, og takke Gud for framgangen også på dette omkverve? Ikkje noko framsteg utan kultur, og ingen varande kultur utan kristentru og kristen systinkjensle. Vil me vera ærlege og tenkje etter, må me sanne at alt godt «kjem ovanfrå frå Faderen ljuset».

Og gjev at 100 årsdagen må bli ein gild dag for dikkån denne dagen, ein dag med vokster i tru og kjærleik. Og gjev at huset i dei komande år og tider må bli den faste, gode og trygge møtestaden for ein glad og truande kyrkjelyd.

Så vil me og vona og ynskje at sambandet mellom dei to systerlydane, Hovin og Gransherad,

må vekse seg fastare og sterkare i dagane som kjem til gagn og glede for dei som byggjer og bur innom bygdegrensene og til ære for Han som er Herre over alle kyrkjelydar.

Ketil Kvaale.

Kyrkja i Hovin

Det er delte meiningar om kor mange kyrkjer det har stått her nede ved Skjerva, sume meiner at denne kyrkja er nummer to, andre at det har vori to kyrkjer her før. Dei gamle dokumenta viser at den fyrste kyrkja vart bygd her omkring 1400 talet. Vidare veit vi at det i 1796 vart haldi innsamlingar rundt i «Christiansands stift til Hovindbygds annekskirkes oppbyggelse». Interessant er det å merka seg at kyrkjelyden i Herad og var med og ofra til Hovin. 1949 brann kyrkja i Herad, og Hovin fekk høve til å takka for hjelpa i 1796 og sende attende 375 kroner. Innsamlinga i 1796 gav tilsaman 289 riksdaler 3 ort og 14 skilling. Om den kyrkja som stod omkring 1800 talet er det ulike meiningar. Sume trur at kyrkja har vorti øydelagt, helst ved brann, og at det difor var innsamling i 1796, og at det så vart sett opp ei provisorisk kyrkje til dei fekk tid på seg til å byggja den verkelege. Personleg tykkjer eg at det er mykje som talar for dette. Andre meiner at kyrkja kring 1800 nærast er eit tilbygg av nyare dato og at dette tilbygget vart sett att til mellombels kyrkje då sjølve gamlekyrkja laut rivast. Ein har ikkje her plass til meir om dette gamle. Men så seint som 1768, 3. august heiter det i melding om kyrkjene: «Hovinds Kierke har sammes Almue for et par år siden bekostet forsvarlig reparert. Ornamentene ved samme ere smukke, og, til deels, for kort tid siden nye anskaffede. Et Døbefad fattes allene, som så snart muelig, er lovet at blive anskaffet». I melding om Haa-vind Annex Kirke 1791 heiter det at «har været en gammel og brøstfældig Bygning af stavvedd, men er nu efter mit Raad den halve forraadnede Deel nedrevet og oppbygget af godt Tømmer i denne Sommer — som efter Andlegget haabes at blive

Då krinsane Tveito og Vasstveit vart samanslegne med same skule på Overbakke, vart Sønstegaard lærar der og fekk klokkargard som seinare vart til skulegard. Sønstegaard var lærar i Overbakke i 34 år, 4 år etter han slutta som klokkar. Han var fødd 8. september 1848. Etter han slutta som klokkar, vart han til sin død kalla Gamleklokkaren av alle Hovværingar. Dette før å skilje honom frå Hovinbøle som altså vart Nyklokkaren og frå underskrivne som og har helsa på Gamleklokkaren. Sønstegaard får lov for at han var ein roleg og omgjengeleg og snill mann. Han flytte frå Hovin og kjøpte seg gard på Jarlsberg. Der døydde han 4. juni 1935.

Nils Hovinbøle var klokkar i 21 år frå 1906. Alt før han vart klokkar leigde han klokkargarden og klokkarbustaden av Sønstegaard og budde på Overbakke, men var lærar i Oppbygda og Fosso krinsar. I 1910 vart Hovinbøle sett til lærar i Overbakke og var bäl-

de lærar og klokkar til han slutta 1927. Hovinbøle var mykje med i det kommunale liv. Han var ordførar ein periode, vald av venstre. Han var og skulestyreformann, forlikskommisær og mykje meir.

Hovinbøle var så framsynt at han alt tidleg sikra seg byggjetomt og bygde seg hus nede på Herøya. Hugen hans stod likevel til Hovin, serleg Hovinhaia med Haugefjell og traktene der han tumla seg som smågut. Han døydde 9. september 1942, 80½ år gammal. Etter eige ynskje vart han førd oppatt til Hovin og lagd til kvile i Hovin kyrkjegard jamsides kona som døydde i 1919.

1927—28 var Ole Godtfred Rue og Olav Hovinbøle mellombels klokkarar. Frå 2. oktober 1928 har underskrivne vore klokkar i Hovin kyrkje.

Det meste som er skrivi om Besager og Knudsen er teki frå festskriftet for jubileet åt Attråkyrkja.

Torvald Børtnes.

smuk». 18. nov. 1812 seier Heltberg i si melding: «— De øvrige Kirker (i prestegjeldet) ere ligeledes Stavkirker (paa Hovinds Annexkirke nær, som er tømret) og i upaaklagelig Stand».

Første gongen ein verkeleg høyrer om den nye kyrkja er frå formanns- og representantskapsmøte av 16. des. 1844. «Samme dag blev paa bemeldte sted et formanns- og representantskapsmøde for Hovin anneksogn, hvorom fogden betimelig var underrettet, avholdt og hvor da samtlige sognets formenn og representanter var tilstede med undertagelse av representant Sven Østensen Overbakke som anmeldte sykdoms forfall, hvilket enstemmig blev anseet som gyldigt og hvorfor ei den bestemte mulkt blev innkrevet.

Ordføreren foretog derpaa sagen som var bestemt til at avhandles i møde i overensstemmelse med paragraf 20 i formannskapsloven, og som angikk sognets kirkes utvidelse eller oppførelse fra nytt av. Enstemmigen besluttet: «Hovin sogns kirke nedrives og i dens sted og ved sammes side opføres en ny tømret kirke efter tegningen paa tabell 2 i de av Det kgl. kirkedepartement i aaret 1829 utgivne utkast til kirkebygninger paa landet i Norge og av følgende størrelse: 48 fot lang, 32 fot bred og 18 fot høy. Til den nye kirkes istandbringelse levnes kommunen en frist på 6 aar».

Møtet greidar vidare nøyte ut om saka i sin søknad om «allernaadigst kongelig approbasjon». Det heiter mellom anna: «Vor sognekirke, skjønt ikke gammel er dog meget liten og allerede i lengre tid have vi følt savnet av en større og til vore gudstjenestelige forsamlinger bekvemmere kirke». Dette skulle tyda på at dette ikkje er kyrkja frå 1400. Det vert vidare opplyst at folketalet er stigande og no er etter siste folketeljing på 722. Omfram prost Schive er møteboka underskriven av desse: Gunleik Gjermundsen Graver, Hans Olsen Rustaden, Gunleik Olsen Bakka, Halvor Olsen Bakka, Herbjørn Hansen Midtgaard, Herbjørn Olsen Høiset og J. Nielsen Omdalen. Berre prosten og Graver har greitt underskrifta utan hjelp.

Formanns- og representantskapsmøte vart så haldi i Tinns prestegard 29. okt. 1846. Saka gjeld då bygging av den nye kyrkja, materialar og bortsettjing av arbeidet. Stein og tømmer skulle gardbrukarane skaffa etter skylda. Steinen måtte vera på plass innan 1. mai 1847, og tømmeret skulle vera framme innan 1. mars 1848. «Saafremt materialerne ikke leveres forsvarligen og til bestemte tider, anskaffes de paa vedkommendes regning». Møtet vedtok å godta tilbod på kyrkjearbeidet frå snikkarmeister H. A. Olsen. Betalinga for det heile, mur og alt trearbeid, skal vera 800 spesiedaler, dersom han innan 4 veker stiller kausjon for at arbeidet vert forsvarleg gjort til rett tid i 1850. 100 spd. skal betaltast når grunnmuren er ferdig, 300 spd. når tømringa er ferdig og resten når kyrkja er levert. Møtet valde og ei byggenemnd på 3 medlemmer: Gunleik Gjermundsen Graver, Gjermund Svendsen Graver og Torjeir Olsen Hove. Gjermund Graver vart vald til rekneskapsfører og skal for dette arbeidet ha 12 spd. Nemnda skal stå for innkjøp og kontrollera materialane etter kvart som dei kjem på plass og sjå etter at alt kjem fram til rett tid.

I formannskapsmøte 25. novbr. 1846 vart det framlagd kausjon frå prost Flood i Hitterdal for at Olsen skulle utføra arbeidet forsvarleg og til rett tid. Arbeidet vart så bortsett til H. A. Olsen. (H. A. Olsen var fødd på ein plass under Luraas i Tinn Austbygd som heiter Berg. Faren, Ola Herbjørnsen Berg, var i ungdomen svært religiøs. Han kom til Kongsberg og kom der saman med haugianarar. Truleg er det Hauge som har hjelpt guten fram til handverkar).

Arbeidet gjekk så sin gang, og kyrkja vart ferdig så tidleg at innvigjinga kunne gå føre seg 29. august 1850. Biskopen i Kristiansand von der Lippe, fastset vigslingsdatoen i brev av 31. mai. Han søker og biskopen i Kristiania om å få låna prestane i Hitterdal og Saude, avdi Øvre Telemark austfjellske prosti ikkje hadde nok prestar til ei slik høgtid, etter reglm. av 10. okt. 1818. I brev av 3. juni sa Arme-kommandoen ifrå at «det fornød-

ne militær» skulle møte fram ved kyrkja. Desse prestane assisterte ved innvigjinga: Kst. prost Holfeldt, Seljord og sokneprestane Sigholt frå Tinn, Wolff frå Saude, Kildal frå Lårdal, Finckenhagen frå Hjartdal og prost Flood frå Hitterdal.

År 1856 den 25. mars vart haldi formanns- og representantskapsmøte der det er framme at kyrkja skal målast utanpå. «Til overmaling av kirken besluttedes af Hovind kommunalbestyrelse enstemmig: Kirken overmales utvendig forsåvidt fornødigvis om muligt i neste forår, og valgtes med 6 stemmer Gjermund Svendsen og Ole Olsen Tveten til at bortakkordere arbeidet og forøvrigt paase det fornødne betreffende denne sag». I møte 9. des. 1856 vert rekneskapen for kyrkja godkjend. Same dag vert referera melding frå prost Sigholt at kyrkja har fått ei gåve, stor 100 spd., frå ein unemnd gjevar. Kapitalen skal stå urørt, men rentene skal nyttast til gagn for kyrkja.

Ein veit ikkje visst kva tid kyrkja vart måla inni første gongen. Over inngangsdøra står denne teksten: Denne kirke er bekostet af Hovinds menighet og bygt af H. A. Olsen. Malet af John G. Gjøsdsal. Indviet av stivtets Biskop den 29de august 1850. Ute i gangen er det no opphengd eit epitaffium d. v. s. ei minnetavle som ber denne innskrifta: «Torkel Olefsøn er mit nafnn min lykke stå i Guds hand 1636 Terkel Olefsøn egen bekostning». Denne tavla var bortslengd oppe i tårnet, men biskop Støylen ville ha tavla slik at folk kunne sjå henne då det var litt av ein raritet. Kyrkja har to kyrkjeklokker, ei lita og ei stor. Den største er omlag 150 kg. og den minste omlag halvparten.

Kyrkja vart oppatt-måla 1910 av Nils Høljesen og Johs. Øen. 1913 fekk kyrkja orgel, og i 1921 vart det samla inn pengar til ny altartavle. Den gamle var måla av Nils Høljesen. No fekk ein kunstmålar Harald Brun til å laga tavle. Tavla skal visa engelen Gabriel sitt møte med Maria. Over sviv det ein flokk englar. I taket over koret er det måla skyer, denne målinga står att frå Gjøsdsals måling. Til jul 1936

fekk kyrkja ei flott messinglysekrone frå ein gjevar som ville vera anonym. — Hovin helselag gav 20 serkalkar til kyrkja i 1931, og Hovin bondekvinnelag gav antependium, d. v. s. altarføreheng og gardiner i 1935. Samstundes vart det og lagt nytt trekk på knefallet.

No til jubileet har godseigar Mathiesen gjevi kyrkja ny døypefont som er utskoren i eik av Søren Nedrebø i Bryne på Jæren. Nedrebø har og laga 2 brurestolar. Stolane er gåve frå Hovin kyrkjelyd og det er dei 3 kvinneorganisasjonane i bygda, Hovin bondekvinnelag Hovin arbeidergruppe og Hovin husmorlag som har stått i spissen for innsamlinga. For pengane som kom inn er også kjøpt 2 sylvblomevasar. Gullsmid Schultz har levera dei, og dei er retteleg solide og vakre. Vasane har denne innskrifta: Hovin kyrkje 1850 — 1950. Nede på foten står det med små typer: Frå Hovin kyrkjelyd 29. august 1950. Det er og meininga å skaffa golvlauparar til jubileet, men det er visstnok fælt vanskeleg å få det mønster ein gjerne ville ha.

Hovin kyrkje er idag sett i god stand, og vi gled oss over at vi har makta å gjennomføra i det minste noko av det vi hadde tenkt. Kyrkja står høgt i folket sin hug. Inst inne er det sterke band som bind oss til kyrkja. Vi ofrar gladeleg både pengar og arbeid når det gjeld vårt Gudshus. Det har vist seg tydeleg dette året. Kor høgt kyrkja verkeleg står hjå folket fekk vi og eit godt døme på under krigen då det var tale om å reisa med kyrkjeklokene våre. Måtte då kyrkja vera og bli det ho skal vera: Vårt Gudshus, der vi møter til gudsteneste og personleg møte med vår Gud og Frelsar.

Så vil vi ynskja alt godt for vår kjære kyrkje i tida som kjem. Måtte kyrkja stå høgt i vår hug om ho ligg lågt nede i dalen!

Dei historiske opplysningane er samla inn av den 82 årige O. O. Skibdalen, og eg sender han hermed mi varmaste takk for hans ihørdige arbeid og store interesse.

Torvald Børtnes.

Kyrkjedugnaden i Hovin kyrkje 1950.

Eit ord seier at kyrkja og kyrkjegarden er ein målestokk for det åndelege livet i bygda. Er kyrkja og kyrkjegarden vanstelt og sjukskut, er det og kleint med åndelege interesser. Eg trur at dette ordet seier sant, men sjølsagt spelar mange ting inn her, så ein kan ikkje berre døma ut frå det ein ser. Kyrkja og kyrkjegarden i Hovin ville vi stelt på for 10 år sidan, men så kom krigen og sette strek over planane og i desse åra vart det stadig verre og verre. Taket lak, målinga slitna av og kyrkjegarden vart for liten.

Endeleg kunne vi gå igang med nytt tak sumaren 1949. Det vart lagt på Valdres-skiifer, lagt av blikkenslager Andersen frå Notodden. Under taket er det lagt bordtak av pløgde tomingsbord, papp og lekter. Snikkararbeidet hadde Halvor K. Tveito, Olav Søråsdekkkan og Knut Bakka. Tårnet vart og pussa opp, måla og tjøre Brett, av tilreisande spesialistar, Gunnar Nilsen og Leif Jensen.

Sjølve storarbeidet vart sett igang våren 1950. Det vart vedteki å utvide kyrkjegarden med 1470 kvadratmeter. Tvert gjennom kyrkjegarden ville vi då få Jørisdalsbekken som kan vera nokså stor i flaumtida. Det vart då planlagt å grava ned bekken og tekkja over den, då vi ikkje fann det forsvarleg å ha bekken open gjennom kyrkjegarden. Fylkesgartnar Foss som velviljugt kom opp og kartla og rettledde, meinte at vi burde gå ned omlag 2 meter for å koma under gravene med botnen i bekken. Vi fann då ut at skulle arbeidet lukkast, laut vi få til ein dugeleg dugnad. Det vart samla dagsverk i alle krinsane, og det skal vera sagt at tiltaket har vori møtt med velvilje. Dei aller fleste har arbeidd eller betalt istaden. Etter det oversyn ein har idag, er det ytt 150 gratisdagsv., 14 hestetdagsverk, 6—7 bildagsverk og 1 traktordagsverk. På kommunens rekning har ein leigd Halvor K. Tveito som arbeidsformann og to andre arbeidarar.

Det er menneskeleg å ta feil og vi har og teki feil. Vi tenkte vi skulle greia arbeidet til jubi-

leumsstemna, men det vart meir arbeid enn vi rekna med, og truleg vert mykje ugjort til den store dagen, men vi har ikkje rokki meir, og så får det vera tilgjevi. Vi trur at når arbeidet er fullført, skal det bli nokså pent på kyrkjegarden vår.

Herbjørn Bakka og Alfred Sauro har måla kyrkja 2 strøk utanpå og himlinga inne. Elles har Børtnes måla ein deil inne i kyrkja. Eg vil her få senda ein varm takk frå nemnda til alle for den velvilje de synte og den hjelp de gav. Hovværingane kan ta dugelege tak når det krevst, og vi har all grunn til å gleda oss over resultatet. Ein takk og til Hovin kommune for velvilje og løyvingar. Rundt rekna er det etter krigen kosta på kyrkja og kyrkjegarden kr. 20 000,— og det er ein sum som tel i ei lita bygd.

Torvald Børtnes.

Kyrkjetenarar ved Hovin kyrkje.

Desse har vore kyrkjetenarar ved kyrkja i hundradåret:

Ola Høljesen Johre.
Ola H. Kasin.
Ola Olsen Johre.
Ola Kasin.
Nils Kittilson Johre.
Hølje J. Øya.
Halvor K. Tveito.

Dei er oppsette i den rekkefylgja dei har verka som kyrkjetenarar. Lengste tida har Ola Kasin som har vore kyrkjetenar i to periodar med ialt ei samla tenestetid på omlag 35 år.

Herbj. Sauro.

Jubileumsdagen

Jubileumsmesse ved biskop S m e m o kl. 11,30.

Jubileumsmøte kl. 17,30 ved biskopen og dei tilreisande pres-tane.

I pausa middag på Ungdomshuset for dei innbedne gjestene. Elles mat å få kjøpt i kyrkjestova.

Statistikk

Ved Herbj. Sauro.

Vi har med tilføre av hundrad-årsjubileet for Hovin kyrkje arbeidd ut ein statistikk over det ein kan kalle prestens manuelle arbeid i kyrkja gjennom 100 år og som ein kan måle med tall. Dei åndens verdiar som er skapte

gjennom ordet, og som er prestens viktugaste arbeid, kan vi som kjent ikkje måle med tall. Statistikken er ordna i 10 års bolkar som syner talet på ektevigde par, døypte og konfirmera born og døde frå 1850 til 1950.

År	Ektevigde	Døypte	Konfirmera	Døde
1851—1860	79 par	293	131	141
1861—1870	47 «	250	176	152
1871—1880	52 «	217	180	132
1881—1890	65 «	235	176	141
1891—1900	56 «	247	191	151
1901—1910	47 «	205	207	113
1911—1920	44 «	149	205	117
1921—1930	46 «	159	133	97
1931—1940	56 «	151	133	105
1941—1949	46 «	123	112	70
	538 par	2029	1644	1219

For siste 10 års bolken 1940 —1949 har vi ført spesifisert for kvart år:

År	Ektevigde	Døypte	Konfirmera	Døde
1940	6 par	14	14	7
1941	6 «	16	17	5
1942	6 «	7	10	6
1943	7 «	15	13	11
1944	5 «	15	17	8
1945	3 «	18	13	7
1946	8 «	15	9	5
1947	2 «	13	12	6
1948	5 «	10	10	8
1949	4 «	14	11	14

Ialt 10 år 52 par 137 127 77

I 10 års bolken frå 1851 — 1860 finn vi ved å sjå på tabellen at det er døypt ialt 293 born. Desse skulle so koma att i rubrikken konfirmera i åra 1864 — 1873. Talet på konfirmantar er da 227. Vi finn da at heile 66 har vorte

burte i desse 14 åra frå dei vart døypte og til konfirmasjonsalderen.

Ser vi so på 10 års bolken frå 1921 — 1930, er det ialt døypt 159 born, og i 10 årsbolken då dei harnådd konfirmasjonsalderen 1934 — 1943, er det av desse konfirmera 156. Berre 3 har vorte burte i desse 14 åra.

Vil vi so sjå på tilhøve millom fødsler og avlidne, finn vi, at i 10 års bolken 1851 — 1860 vart det født 293 born, og i same tidsrom er det døydd 141 personar. Eit fødselsoverskott på 152. I siste 10 års bolken 1940 — 1949 er det fødd 137 born og i same tidsromet døydd 77. Fødselsoverskottet er da 66.

Når det gjeld den totale folkeauken i bygda gjennom desse 100 åra er ikkje statistikken heilt utfyllande då talet for innflutte og utflutte vantar. Meininga med den var også å gjeva eit oversyn

Kyrkjemusikken.

Det var eit sagn at det ikkje var musikk i Hovin kyrkje, og kring 1910 vart det vald ei nemnd som skulle freista samla inn pengar til orgel i kyrkja. Det vart haldi basarar og samla inn pengar elles. Sjølv storbasaren vart halden vinteren og våren 1913 Sundagskvelden 20. mars var det orgelbasar på Overbakke. Midt under basaren kom distriktsdyrlækjar Aursand med syrgjebodet om at 2 hovværingar hadde drukna i Tinnsjø. Basaren vart slutta og alle vart fylte med dystert alvor Innsamlinga var komen så langt at orgelet vart innkjøpt hausten 1913. Diverre vart det berre eit kyrkjarahmonium, men det har vori til glede for mange gjennom desse åra. Orgelet har fotpedalar, men desse har ikkje vorti nytta av organistane.

Den fyrste organisten var frk. Aagot Jørisdal som hadde gått i lære hjå organist Baden. Ho vart ikkje lenge i tenesta, berre eit års tid. Etter henne vart fru Ingebjørg Tveito (Ingebjørg Nilsdotter Hovimbøle) sett til organist, og ho spela i 33 år til ho døydd brått 8. novbr. 1948. Då fru Tveito var borte, sto vi opprårde for organist, men var så hegne at vi fekk Kjell Bakke til å spela til våren 1949. Kjell Bakke var vinteren 1948—49 lærar i Bergeli og Reisjå. Ifjor var den unge Anne Tveito tilsett som organist, og vi er glade for at ho ville ta på seg dette arbeidet så ikkje orgelet skal stå der og teia. Det lettat både for klokkar og kyrkjelyd når orgeltonane lyfter songen. Vår draum er at vi eingong i framtida skal nå så langt at vi får oss et verkeleg orgel, gjerne lite, men godt. Her har dei ymse organisasjonar i bygda ei framtidsoppgåve. Det ville bli ein gild dag for oss alle når pipeorgelet ein dag kom på plass. Vi trur og vonar at det skal koma ein gong.

Torvald Børtnes.

over alle dei som har vore innoom kyrkja og fenge Guds signing med på ferda ut i livet og ut på siste ferda. Men som før sagt: Kyrkjas verkelege innverknad i kyrkjelyden her i bygda kan ikkje målast med tall.



Norges Brannkasse

*Forsikringstakernes
eget trygdslag siden*

1767

Henv. lensmannen.
Tlf. Gransherød nr. 5.

Slagordet - KLÆR SKAPER FOLK -

dekker vel ikke virkeligheten, men sant er det at klær og skotøy pynter opp det utvendige. — *Hold fasaden i orden.*

Godt utvalg i HERRE-,

GUTTEKONFEKSJON og SKOTØY!



KONGSBERG

TELEFON 253

BRØDR. PEDERSEN

(Innehaver: E. Pedersen)

Ass. Landhandel — Gransherad.

Agent for

Eriksrøds Stenhuggeri — Skien,
som har største lager av GRAV-
MONUMENTER i de vakreste
norske stensorter til forskj. priser

Vi har bøker

om

jord-, skog- og hagebruk

— Religiøs litteratur —

TELEMARKENS BOKHANDEL
HERMAN MEIER

GULLSMED

Jørgen Schultz

NOTODDEN

TELEFON 124

Livsforsikringsselskapet

NORSKE LIV

Stiftet 1884.

Agenter i Hovin og Gransherad:

Lærer Torvald Børtnes, Hovin.

Heradskasserar Mjellekås.

Jernvarer - Bygningsartikler

*Rør & deler, Malervarer, Glassruter,
Kjøkkenutstyr, Sportsartikler, Ovner,
Komfyrer, Kaminer, Kryssfinér,
Balatum.*

Thorvald Wormsen

TELEFON 118

NOTODDEN

J. S. ORDING A-S.

NOTODDEN

Største utvalg i:

manufakturvarer og utstyrsartikler!

H. T. Waarstulen

ASS. LANDHANDEL

TELEFON 20

GRANSHERAD

Gransherad Handelslag

**KOLONIAL, MJØL, KRAFTFOR,
MANUKTUR, GLASS-
OG STEINTØY**

Sveinung G. Kopsland

TINNOSET

Assortert landhandel

Gransheringar!

Nytt Dykkar eigi forretning!

Halvor G. Bolkesjø

**KOLONIAL, MANUKTUR m. m.
BOLKESJØ**

H. O. Waarstulen

**Velassortert landhandel
TINNOSET**

